

VEDTEKTER FOR MOSTER GRENDAUTVAL

Etablert 24.4.2008

§1 **Namn / Generelt**

- 1.1 Moster Grendautval er laget sitt namn.

§2 **Formål**

- 2.1 Grendautvalet skal vera bygda sitt talerøyr og høyringsinstans i alle saker som vedkjem bygda sitt ve og vel, og ein pådrivar for ei god utvikling i bygda
- 2.2 Grendautvalet er partipolitisk uavhengig
- 2.3 Grendautvalet sitt styre skal samarbeid med kommunale styresmakter, næringsliv og friviljuge organisasjonar/interessegrupper på Moster for å gjere staden til ein betre plass å bu
- 2.4 Styret kan knytte til seg enkeltpersonar så vel som lag, organisasjonar, avhengig av type saker

§3 **Val – Årsmøte**

- 3.1 Alle som bur i Moster regionen kan veljast og kan fremja saker for styret
Årsmøtet er Grendautvalet sin høgaste instans og skal haldast før utgongen av mars månad

Årsmøte skal kunngjerast av styret med minst 14 dagars varsel

Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemmer som møter. Ingen har meir enn 1 stemme

Vedtaket vert fatta med alminneleg fleirtal

Styret skal bestå av 5 representantar og **3** varamedlemmer.

Varamedlemmene vert kalla inn til alle styremøte, dei har talerett men ikkje stemmerett dersom styret er fulltallig

- 3.2 Oppgåvene til årsmøte

Velja ordstyrar og 2 personar til å underskriva årsprotokollen

Godkjenne **innkalling og sakliste**

Handsama årsmelding

Handsama revidert rekneskap

Godkjenna forslag til budsjett

Handsama innkomne forslag

Orienterer om aktuelle saker i grenda

- 3.3 VAL

Revisor for 1 år

Styremedlemmer for 2 år (ein av dei bør vera ungdomsrepresentant)

Varamedlem for 1 år

Representant til valnemnd for 2 år

Ved etablering av Grendautval vert halvparten av medlemmene i styret og valnemnd, vald for 1 år

Konstituering av styret: Styret konstituerer seg sjølv i første styremøte etter årsmøtet og seinast innan 14 dagar. Tidlegare styre er med i første del av dette møtet. Det skal veljast leiar, nestleiar og tre styremedlemmer med spesifisert ansvar.

Valnemnda skal bestå av 2 medlemmer, dei skal innhente forslag til styremedlemmer, varamedlem og revisorar.

§4 **Endringar**

- 4.1 Endringar av vedtektene må fattast med 2/3 fleirtal på årsmøte

- 4.2 Forslag til endring av vedtektene må vere styre i hende minst ei veke før årsmøte

- 4.3 Oppløysning av laget kan berre handsamast på orientert årsmøte. Blir oppløysning vedteke, skal det seinare kallast inn til eit ekstraordinært årsmøte. For at oppløysning skal kunne skje må vedtaket gjerast på nytt her.

§5 **Fullmakt og prokura**

- 5.1 Styret tildeler signaturrett og prokura i fyrste møte etter årsmøtet.

*Moster Grendautval,
revisjon 2,
14.2.2015*